

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - S11	14/799

Saknr	Utval	Type	Dato
112/2014	Formannskapet	PS	18.11.2014

### Fråsegn om konsesjonsplikt knytt til Bjørntjørni kraftverk ved Trodal

#### Vedlegg:

Høyring av melding om Bjørnetjørni kraftverk i Masfjorden kommune. NVEs referanse 201304070-4  
201304070-4Høyring av melding om Bjørnetjørni kraftverk i Masfjorden kommune med vedlegg

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune viser til vurderinga frå rådmannen og meiner at saka ikkje treng  
handsamast som konsesjonssak.**


#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta

Det vert vist til brev frå NVE dagsett 27.06.2014, som gjeld søknad frå Odelskraft AS om førehandsvurdering om konsesjonsplikt for bygging av kraftstasjon ved Bjørntjørni nord for Trodalen.

I brevet ber NVE om at kommunen vurderer tiltaket informerer om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket, og om eventuelle andre faktiske tilhøve som kan vere avgjerande for gjennomføringa. Eksempel på allmenne interesser skriv NVE kan vere: friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Som faktiske tilhøve av interesse kan ein nemne informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak, etc. Vidare ber ein høyringspartane vurdere kunnskapsgrunnlaget i høve naturmangfaldslova sin § 8.

Nedunder er kart frå rapport 14/2011 om »Bjørntjørni Kraftverk - Verknader på biologisk mangfald» vist. Her ser ein det planlagde bekkeinntaket i aust med røyrgate ned til planlagd kraftstasjon ved E39.



**Figur 3.** Kartutsnittet viser i grove trekk dei viktigaste naturinngrepa i form av inntak, røyrgater (blå), veg (svart) og kraftstasjon.

I denne rapporten går det fram følgjande om utbyggingsplanane:

Det er planlagt eit hovudinntak om lag på kote 350, og kraftstasjon på kote 205 moh ved E39. Røyrgata vil få ei lengde på om lag 629 m, og ei diameter på 600 mm. Nedbørssfeltet er rekna til om lag 2,5 km<sup>2</sup> og årleg middelvassføring til 350 l/s. Alminneleg lågvassføring er oppgjeven å vere 11,25 l/s i korrigert søknad. Tiltakshavar føreslår i den originale søknaden å sleppe ei minstevassføring på 14 l/s, men dette talet er ikkje korrigert i samsvar med ny informasjon. Utbyggingspris er estimert til 3,4 kr/kWh, og total kostnad på 10,8 mill. kr. Sommer produksjon er estimert til 1,4 GWh og vinterproduksjon 1,8 GWh. Årleg middelproduksjon er kalkulert til 3,2 GWh.

Vidare går det fram i rapporten at det ikkje er registrert nokon raudlisteartar eller prioriterte naturtypar innan influensområdet (50 – 80 meter frå tiltaka). Det går og fram i rapporten at konsulenten meiner at det ikkje er behov for noko meir minstevassføring enn det utbyggjarane foreslår på 14 liter/sekund. Røyret skal ha ein diameter på 600 mm og er planlagd nedgrave på heile strekninga. Det er og planlagd ein traktorveg på ca 677 meter opp til inntaksdammen.

Rapporten konkluderer med at den samla påverknaden frå den planlagde utbygginga vil verta liten, mellom anna fordi vassdraget periodevis går tørr, og det difor er ikkje er fisk og lite av vasslevande insekt i vassdraget. Utbyggingsområdet vil heller ikkje koma i konflikt med inngrepstilfelle naturområde (INON-område).

#### **UTTALE:**

*Fylkesmannens konklusjon i brev av 31.10.2014:*

«Fylkesmannen meiner at denne saka bør handsamast som ei konsesjonssak og inkluderast i ein vurdering over den samla belastinga på landskapet i området. Vi viser til at NVE har samla 12 konsesjonssøknader til utbygging av småkraftverk i Masfjorden kommune i ei eiga «pakke»

som skal ut på høyring i 2015. Fylkesmannen meiner at denne saka, samt dei to andre sakane Odelskraft AS har søkt om, bør inkluderast i pakka. Vi viser til at det kom fram på synfaringa at tiltakshavar har planar om å söke om fleire utbyggingar i same område. Det er difor nødvendig å sjå på den samla belastninga i dette området, som har mykje påtrykk både frå allereie etablerte kraftverk og nye søknader, jf. naturmangfaldlova §10.»

### **Vurdering**

Administrasjonen vil visa til at området langs E39 er under reguleringplanarbeid med tanke på utbetring av E39 med bygging av gang- og sykkelveg mellom Haugsværtunet til Trodalstunnelen. Det er difor viktig at kraftstasjonen med tilkomstveg tek omsyn til denne reguleringsplanen som var ute på høyring i vår, og som venteleg vert slutthandsama i løpet av året. Kommunen oppmodar difor NVE og utbyggjar til å drøfta utbyggingsplanane nærmare med Statens Vegvesen før avgjerd vert teke i saka.

Det resterande influensområdet ligg som LNF område i kommuneplanen. Kommunen er ikkje kjent med at det er spesielle friluftsinteresser i området. Ein er og samd med at utbygginga i liten grad vil påverka biologisk mangfald eller andre miljøinteresser.

Legging av røyrgate vil sjølvsagt medføra landskapsinngrep i det relativt bratte terrenget. Det vil og verta større skjeringar i mindre fjellparti på deler av traseen. Fylkesmannen har ei prinsipiell vurdering som går på å krevje konsesjonssøknad, og viser til at det vil koma mange fleire vassdrag frå NVE til vurdering i 2015. Administrasjonen meiner at ein i denne saka har tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å vurdere saka, og at behovet for å krevja konsesjonssøknad i mindre grad er til stades. Ein vektlegg her at rapporten som er laga gjev eit godt bilet av den faktiske situasjonen, og over kva konsekvensar ei utbygging vil gje.

### **Konklusjon**

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje treng handsamast som eigen konsesjonssøknad, då tiltaket er avgrensa i storleik, påverkar få miljøinteresser og fordi influensområdet har avgrensa verdi for friluftslivet.

## **Formannskapet - 112/2014**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

**Bjørn Egil Nordland , A**, sa seg ugild i saka.

### **Røysting:**

Det vart samråystes vedteke at Bjørn Egil Nordland var ugild i saka.

Saka vart drøfta.

### **Røysting:**

Framlegg frå rådmannen vart samråystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune viser til vurderinga frå rådmannen og meiner at saka ikkje treng handsamast som konsesjonssak.**